

Hordaland fylkeskommune har gjeve Sjøtroll Havbruk avslag på søknaden om å justera plassering av anlegg og utviding av biomasse for oppdrett av matfisk utanfor Skorpo. Søknaden galdt ei utviding frå 3120 til 4680 tonn biomasse. Vedtaket kan påklagast

Med bakgrunn i vurderingane som Mattilsynet har gjort har fylkeskommunen konkrete haldepunkt for at for at ei slik utviding av kapasiteten vil ha negativ miljøpåverknad. Det vil ikkje vere miljømessig forsvarleg slik lokaliteten vert skildra p gjeve løyve til denne utvidinga. Fylkeskommunen vurderer denne delen av tiltaket for å vere i strid med laksetildelingsforskrifta.

Mattilsynet har mellom anna peika på at lokaliteten ligg på ein utsett stad med stor eksponering med omsyn til straum, vind og bølger. Mattilsynet peikar og på at kampen mot lakslusa ikkje har vore optimal på staden. Sjøtroll har etter Mattilsynet si meining ikkje vist at dei kan handtera dei krevjande tilhøva der med den biomasse som er der no. Difor er det ikkje grunn til å utvida.

Fylkeskommunen peikar også på merknaden frå Oscar Langballe som meiner at ein utviding vil vera til ulempe for brukarar av Nordre Skorpevågen. Fylkeskommunen meiner merknaden blir handsama av Fiskeridirektoratet som påpeikar at Sjøtroll saman med lokale fiskarar må sørge for minst mogleg konflikt med låssettingsplassen. Dette er fylkeskommunen einig i.

Av Ola Matti Mathisen